



Strategi for inkluderende fellesskap i barnehage og skule

Suldal kommune 2021-2025



Mynde til godkjenning og revidering: Kommunalsjef for oppvekst har mynde til å godkjenna og rullera denne strategien. Strategien skal rullera kvart år, og reviderast kvart fjerde år.

Strategien skal distribuerast til: Alle einingsleiarar innan oppvekst, samt rådgjevarar på stab oppvekst. Einingsleiarane skal distribuera vidare til sine tilsette.

Strategien er for: Strategisk- og einingsleiarnivå i tenestene som til saman dannar “laget rundt barnet”.

Strategien har vore på høyring til: Skular, barnehagar, Utdanningsforbundet, Fagforbundet, erfaringskonsulentar BTI, helsestasjon, SLT-koordinator, Indre Ryfylke barnevern, Indre Ryfylke PPT og kommunepsykolog.

Sist godkjent: 27.05.21.

Godkjent av: Kommunalsjef for oppvekst.

INNHALD

1.	Innleiing.....	3
1.1	Overordna føringar.....	3
1.1.1	Stortingsmelding 6 Tett på 2019	3
1.1.2	Rapport-Inkluderande fellesskap for barn og unge 2018	4
1.1.3	Rammeplan for barnehagen.....	4
1.1.4	Læreplanverket for kunnskapsløftet 2020.....	4
1.1.5	Kommuneplan Suldal 2015-2024	5
2.	Definisjon av omgrep.....	6
2.1.	Inkluderande pedagogikk	6
2.2.	Inkludering i barnehagen og skulen.....	6
3.	Barne- og elevsyn	7
3.1	Alle menneske er ein del av eit større system - samspelsperspektivet	7
3.2	Språket styrker ein inkluderande praksis – relasjonskompetent språk	7
3.3	Barn og unge i eit sosialt fellesskap – inkludering i det ordinære	8
3.4	Autoritativ vaksenrolle – varm og grensesettande.....	8
3.5	NORMALITETSOMGREPET – NORMALE BARN, FINST DEI?.....	8
4.	Alle barn og unge i suldal skal oppleve:.....	9
4.1	Inkludering.....	9
4.2	Tidleg og forsterka innsats.....	11
4.3	God gruppe- og klasseleiing.....	12
4.4	Gode relasjonar	13
4.5	Systematisk arbeid.....	13
4.6	Godt samarbeid omkring barn og unge.....	14
4.7	God spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning	15
	Vedlegg.....	16

1. INNLEIING

Suldal kommune ønsker å retta eit tydeleg fokus mot inkluderande opplæring for barn og unge, dette er og bakgrunnen for at planen strategi for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning no kjem ut i ny revidert form og vert kalla Strategi for inkluderande fellesskap i barnehage og skule. Denne planen skal bidra til eit utviklingsarbeid innan oppvekstsektoren der vaksenrolla vert forankra i eit relasjonelt verdisyn, og at alle tilsette skal ha tru på at alle barn og unge kan læra og utvikla seg. Innhaldet rettar seg mot barnehage og skule, og er dermed også gjeldande for vaksenopplæringa ved Introsenteret i Suldal. Den vil også vere viktig for eit grunnlag i samspel med føresette, for å sikra ei breid forståing av vaksenrolla og viktigheita av inkludering på alle plan.

Inkludering er eit stort ansvar som kviler på alle, både tilsette i den einiskilde barnehage, skule, PPT, einingsleiinga, føresette, barn og unge, kommunalsjef og kommunedirektør, og denne strategien skal hjelpe oss å gå i rett retning når det gjeld akkurat dette.

Planen legg vekt på ulike strategiar som skal prege den pedagogiske praksisen for å nå målet om eit inkluderande fellesskap og den kompetansen dei tilsette treng for å skapa eit leike- og læringsmiljø som er prege av inkluderande pedagogikk. Barn og unge i Suldal kommune skal oppleve å bli møtt med strategiar som inkludering, tidleg og forsterka innsats, god gruppe og klasseleiing, og gode relasjonar. Dei skal oppleve eit systematisk arbeid og eit godt samarbeid kring barn og unge, og spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisninga skal vera prege av samanheng og inkludering. I Strategi for inkluderande fellesskap kjem det fram kva som kjenneteiknar dei ulike strategiane som skal nyttast, og på denne måten vil det vera lettare å få ei felles forståing for kvar me er på veg.

1.1 Overordna føringar

Overordna føringar er lovverk, nasjonale og lokale styringsdokument som gir retning og set rammer for det pedagogiske innhaldet i barnehage og skule. Stortingsmelding 6 *Tett på*, rapporten *Inkluderande fellesskap, Rammeplan for barnehage, Læreplan for kunnskapsløftet og Suldal sin kommuneplan* er alle grunnlagsdokument som me skal jobba etter.

1.1.1 STORTINGSMELDING 6 TETT PÅ 2019

I 2019 kom Stortingsmelding 6. *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Denne stortingsmeldinga gir tydeleg retning for korleis barnehagar skular og SFO skal leggje til rette for ein meir inkluderande praksis. I meldinga står: *Ansatte med god kompetanse og nære relasjoner til barna og elevene er avgjørende for at vi får et inkluderende og godt utdanningsløp for alle. Barnehager og skoler skal, i samarbeid med det lokale støttesystemet, være rustet til å møte mangfoldet blant barn og elever. Et lokalt støttesystem kan bestå av for eksempel pedagogisk-psykologisk tjeneste (PP-tjenesten) og helsestasjons- og skolehelsetjenesten. Barnehage, skole og støttesystemet skal samarbeide om å yte tjenester til barn og unge med ulike behov. Et fellestrekk for de viktigste tiltakene i meldingen er å bringe kompetansen nærmere barna og elevene. For å få til dette vil regjeringen blant annet satse på kompetanseutvikling i barnehager og skoler og i PP-tjenesten, og på å bedre samarbeidet mellom barnehager, skoler, SFO og det lokale støttesystemet.*

1.1.2 RAPPORT-INKLUDERANDE FELLESSKAP FOR BARN OG UNGE 2018

Denne rapporten er utarbeid av ei ekspertgruppe for å vurdere tilbudet til barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring.

Ekspertgruppa fastslår at dagens system har store utfordringar:

- Mange barn og unge møter tilsette i barnehage og skule utan pedagogisk kompetanse .
- Annakvart barn som får spesialundervisning får det av ufaglærte. Dette gjeld og for mange av barna som får spesialpedagogisk hjelp i barnehage.
- Det tar for lang tid før barn og unge får hjelpa dei treng. Elevane får ofte tilbod først i ungdomsskulen, medan det burde skjedd i barnehagen eller på barneskulen.
- Systemet verkar ekskluderande. Ein av tre elevar som får spesialundervisning blir tatt ut av klasserommet.
- Skulane sin spesialundervisning har ofte låge forventningar til elevane si læring, og elevane lærer mindre enn dei kunne gjort med eit godt opplegg.

1.1.3 RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN

Rammeplan for barnehage har eit verdigrunnlag som skal gjennomsyre den pedagogiske praksisen. Ein av verdiane er Mangfald og gjensidig respekt. Verdien inneber barnehagen sitt ansvar for å bruke mangfaldet i barnegruppa som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrka og følge opp barna ut fra deira egne kulturelle og individuelle føresetnader.

I Rammeplanen står også dette under kap 7 Barnehagen som pedagogisk verksemd:

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter barnas behov og forutsetningar, også når noen barn har behov for ekstra støtte i kortere eller lengre perioder. Barnehagen skal sørge for at barn som trenger ekstra støtte, tidlig får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilretteleggingen som er nødvendig for å gi barnet et inkluderende og likeverdig tilbud.

1.1.4 LÆREPLANVERKET FOR KUNNSKAPSLØFTET 2020

Læreplanverket i skulen har ein overordna del som inneheld verdiar og prinsipp i grunnopplæringa. Eit av prinsippa er at skulen skal utvikla inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Eit raust og støttande læringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevane vert oppmuntra og stimulert til fagleg og sosial utvikling. Dersom elvane kjenner seg utrygge, kan det hemma læring. Trygge læringsmiljø vert utvikla og oppretthalde av tydelege og omsorgsfulle vaksne, i samarbeid med elevane. Dei tilsette på skulen, foreldre og føresette og elevane har saman ansvar for å fremja helse, trivsel og læring, og for å førebygga mobbing og krenkingar. I arbeidet med å utvikla eit inkluderande og inspirerande læringsmiljø skal mangfald anerkjennast som ein ressurs.

1.1.5 KOMMUNEPLAN SULDAL 2015-2024

Under delen av Kommuneplanen som omhandlar kunnskapssamfunnet står: *Barn, elevar og familiar kan ha ulike typar utfordringar. Det er mellom anna ei auke i psykososiale vanskar hos barn og unge. Utestenging og mobbing er ein utfordring også hjå oss. Inkludering av alle typar menneske og fokus på eit mangfaldig samfunn er difor viktige kjerneverdier som må ligge i botn for alt.*

Målet for kunnskapssamfunnet og denne strategien er:

Alle barn og unge i Suldal opplever læring og meistring i eit inkluderande og trygt miljø kvar dag.

Strategiar for å nå dette målet er at dei tilsette har kompetanse på og at den pedagogiske praksisen er prega av:

- Inkludering
- Tidleg og forsterka innsats
- God gruppe- og klasseleiing
- Gode relasjonar
- Systematisk arbeid
- Godt samarbeid kring barn og unge
- God spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning



2. DEFINISJON AV OMGREP


2.1. Inkluderande pedagogikk

I følge Florian og Spratt (2013) er inkluderande pedagogikk ein måte å undervisa på for å imøtekomma alle barn og unge sine skilnadar framfor å behandla nokre annleis. Dette vil kunne fordre eit nytt tankesett rundt pedagogikk hos dei som er nærast på barn og unge i barnehage -og skulekvardagen. Vislie (2013) peikar på at inkluderande pedagogikk vil fordre eit perspektivskifte innanfor spesialpedagogikken.

Det essensielle for å forstå inkludering hevdar Ainscow og Miles (2008) er å sjå etter kva det er som hindrar at barn og unge ikkje opplever deltaking, nærvær eller meistring. Dei peike på at fokuset må flyttast frå å sjå etter mangel og avgrensingar og over til konteksten eleven er ein del av.

2.2. Inkludering i barnehagen og skulen

Inkludering handlar om å tilpassa læringsmiljøet til mangfaldet blant barn og unge og gi alle moglegheita til å delta i det faglege og sosiale fellesskapet. Eit inkluderande læringsmiljø verdset mangfald (Statped). Barn og unge skal få oppleve at dei er deltakande i eit læringsfellesskap. Alle barn i barnehagen skal høyre til ei gruppe og alle barn i skulen skal høyre til ein klasse og ta del i fellesskapet(Udir). Omgrepet inkludering kan illustrerast slik:



3. BARNE- OG ELEVSYN

I Suldal kommune skal alle barn og unge oppleva læring og meistring i eit inkluderande og trygt miljø kvar dag. Difor har me valt å uttrykka eit felles barnesyn for alle i laget rundt barnet (barnehage, skule og alle støttetjenestene). Barnesynet handlar om vårt syn på barn og unge, og på vår rolle som profesjonell vaksen/tilsett.

3.1 Alle menneske er ein del av eit større system - samspelsperspektivet

Alle menneske er ein del av noko større, eit miljø, eit system, ein kultur. "Utfordringar" barn står i må sjåast i lys av miljøet barnet er ein del av. Er det utfordringar i høve åtferd må ein streve etter å forstå kva åtferda er eit uttrykk for ved å sjå "bak" åtferdsytringa.

For å undersøka dette nyttar me pedagogisk analyse. Barnehagane og skulane skal bruka pedagogisk analyse i analysefasen der ein undrar seg over eit barn og det samspelet barnet er ein del av. Pedagogisk analyse finn ein i handlingsrettleiaren for Betre Tverrfagleg Innsats.

Tilsette barnehage og skule har ansvar for å byggja gode relasjonar til alle barn, unge og føresette. Av og til kan det opplevast vanskeleg å få til. Blant anna fordi det «trykkast på knappar» som dei- og alle menneske har med seg og i seg. Ein kan trenga hjelp til å finne ut kva som blir trigga i ein sjølv i møte med barn/unge for å klara å stå godt og trygt i seg sjølv- for å kunne "byggje bru" for å styrke relasjonar. For å støtta tilsette i arbeidet med å byggja relasjonar har leiar eit særskilt ansvar for å anerkjenna dersom noko blir opplevd vanskeleg, rettleia, reflektera og saman finna gode tiltak å prøva ut. Barnehage og skulebasert kompetanseutvikling, systematisk arbeid i laget rundt barnet og kollegarettleing skal også styrka relasjons-kompetansen til dei tilsette.

3.2 Språket styrker ein inkluderande praksis – relasjonskompetent språk

Språket er kraft, språket me brukar kan vere med på å ekskludera barn og unge frå fellesskapet, og motsett, det kan vere med på å styrka ein inkluderande praksis. Med språket hjelper me også kvarandre til å retta fokus. Vil me ha fokus på det barn og unge ikkje får til, vanskar og det ein strevar med, eller vil me løfta med å synleggjera styrkar slik at barn og unge kjenner seg sett og viktige i eit større fellesskap? Korleis snakkar me om barn og unge? Har me eit fastlåst tankesett eller eit utviklande tankesett, set me begrensningar, kategoriserer eller har me eit inkluderande verdinøytralt språk?

Alle som jobbar med barn og unge må ha ein medviten bruk av omgrep som bidreg til å styrka ein inkluderande praksis. Det betyr at alle tilsette må ha fokus på å synleggjera styrkar og ikkje svakheiter hos kvarandre og barn/unge. Eit døme på dette kan vere å ikkje nytta formuleringar som: «Barnet sine vanskar», «eleven er svak på...» Alle skal bevisst gi fokus til det barnet/ungdomen kan og er god på, og ikkje kva den eventuelt mislukkast i. Alle tilsette skal opptre relasjonskompetent, også når det gjeld korleis ein vel å nytta språket. Dette gjeld og i møte med føresette.

Å bruka omgrepet «å streva med» er dynamisk og opnar opp for moglegheiter for utvikling og meistring hos barn og unge.

3.3 Barn og unge i eit sosialt fellesskap – inkludering i det ordinære

Barn er sosiale heilt frå fødselen, og dei kommuniserer med andre barn og vaksne gjennom kroppslege og språklege handlingar. I fellesskap utviklar menneska ein identitet, sjølvfølelse, empati, sosial kompetanse med meir. “Eg blir til i møte med deg”, fellesskapet er viktig for oss. Alle barn og unge skal sjåast som ein del av fellesskapet.

3.4 Autoritativ vaksenrolle – varm og grensesettande

Den autoritative tilsette byggjer ein positiv relasjon med barn og unge, og meistrar balansen mellom varme og kontroll. Den tilsette ser barnet/den unge sitt perspektiv og har medverknad i fokus. Krav blir sett ut frå barn og unge sine føresetnader, og den tilsette utøver positiv grensesetting. Vaksenstilen er prega av varme og respekt for barnet.

Vær autoritativ ved å:

- Vera anerkjennande
- Vera sensitiv
- Ta barnet sitt perspektiv
- Ta ansvar for relasjonen
- Bruka banking time (lystbetont kvalitetstid i samvær med eit eller nokon få barn/unge)
- Tenka på at barne og unge skal få medverka “kva er viktig for deg?”
- Vera tydeleg
- Forklara grensene du set for barnet/den unge
- Hjelpa barn og unge å forstå og setta ord på følelsane sine
- Vera konsekvent
- Ha rutinar

Finn balansen mellom varme og kontroll. Gi tryggleik og gode rammer. Vær en vaksen tilsett som er føreseieleg.

3.5 NORMALITETSOMGREPET – NORMALE BARN, FINST DEI?

Det å vera eit rasjonelt barn med god kontroll over kropp og kjensler ser ut til å vera ein høgt prioritert dugleik for å meistra barnehagen, skulen og framtidens krav og forventningar til det «normale mennesket» (studie av Liv Mette Strømme, Dr. Phild./Spesialist i klinisk pedagogikk).

I dagens samfunn er det eit stort fokus på det normale barnet. Allereie frå spedbarnsalder startar ein å samanlikna barnet sitt med andre barn. Ofte samanliknar me innanfor ein normal standard som barnet kan falle utanfor anten det gjeld vektkurve, spisemønster, sovemønster eller anna. I både barnehage og skule blir barn og elevar kartlagde og samanlikna med eit «standardbarn». Barn og elevar som ikkje svarar til forventningane fell utanfor normalitetsområdet.

Normalitetsomgrepet blir ofte definert ut i frå det gjennomsnittlege standardbarnet, men dersom det gjennomsnittlege set rammene for normalitet er det mange som ikkje passer inn i ramma. Jo snevrare

normalitetsomgrep, jo fleire dett ut. Barnehagar, skular og støttetenestene skal jobba for å utvida rommet til det normale barnet, og reflektera rundt kva ein forventar av barn og unge i dag.

4. ALLE BARN OG UNGE I SULDAL SKAL OPPLEVA:

4.1 Inkludering

Delmål:

- Barn og unge skal oppleve seg fagleg og sosialt inkludert
- Barn og unge skal oppleve at dei vaksne vektlegg inkluderande pedagogikk

Kjenneteikn på inkludering:

David Mitchells 10 faktorar:

VISJON

Inkludering føreset ein felles visjon om inkludering, og at alle forpliktar seg til å handla ut frå ein felles filosofi om inkludering. Inkludering er ein tenkjemåte, ein verdi og ei haldning som skal gjennomsyre heile verksemda.

PLASSERING

I inkluderande leike- og læringsmiljø har alle barn og unge «tilgong» til jamnaldrande i sitt lokale miljø. Det er ikkje tilstrekkeleg at dei er plassert fysisk saman, men det må også leggast til rette for fagleg og sosial deltaking

LEIING

Leiinga sitt fokus på inkluderande leike- og læringsmiljø er sentralt for at inkluderande haldningar og praksis i den enkelte barnehage og skule skal gjennomsyra organisasjonen. Dette kan gjerast gjennom å:

- Sikra inkludering i enkeltvedtak.
- Setja inkludering på dagsorden i fellesmøte, med både kunnskapsformidling, erfaringsdeling og refleksjon.
- Tilby personalet kompetanseheving som fremjar inkludering. Det kan handla om til dømes undervisningsmetodikk, bruk av digitale verktøy eller etterutdanning i spesialpedagogiske tema.
- Gi personalet rammer som gjer det mogleg å realisere inkluderande praksis. Systematisk samarbeid mellom alle i laget rundt barnet er eit døme på ei rame som er sentral for å lukkast med inkludering.

AKSEPT

Inkludering inneber at alle som er tilknyta barnehagen eller skulen viser aksept for at alle har sin naturlege plass i fellesskapen. Personalet er viktige rollemodellar gjennom å verdsetja mangfald og å sjå på skilnadar som ein ressurs. Dette gjeld både overfor barn og unge, men også overfor føresette.

TILPASSA PEDAGOGISKE PLANAR

Barn og unge sin individuell opplæringsplan/mål og tiltaksplan, skal henga tett saman med klassen eller gruppa sin plan. Slik kan ein kan få til opplæring innanfor fellesskapen sine rammer. Ein slik plan betyr ikkje at barnet/ungdomen skal ha opplegg eller undervisning åleine, men at alle tilsette med tilknytning til gruppa eller klassen er kjent med kva tilrettelegging barnet/ungdomen treng

TILPASSA VURDERING

Skulen:

- Pedagogen tilpassar undervisningsplan og undervisningsmetodane for alle elevane.
- Gi tilbakemelding til elevane og føresette undervegs i læringsprosessen
- Identifisera måloppnåing slik at alle elevar får eit bevis på kva dei kan når dei avsluttar skulegongen.
- Ta omsyn til elevane sine utfordringar og tilpassa vurderingsforma slik at eleven får vist kva dei faktisk kan.
- IOP/Mål- og tiltaksplan vert evaluert med jamne mellomrom

Barnehagen:

- Personalet skal observera, reflektera kring barnet si utvikling og tilrettelegga det pedagogiske tilbodet i barnehagen ut frå barnet sitt behov.

TILPASSA PEDAGOGISK OPPLÈGG/UNDERVISNING

I inkluderande leike- og læringsmiljø vert pedagogiske opplegg/undervisning tilpassa med mest mogleg variasjon i arbeidsmetodar innanfor ramma av det ordinære tilbodet.

Eit godt psykososialt miljø fremjar inkludering, læring og utvikling.

STØTTE

Inkluderande leike- og læringsmiljø inneber at den enkelte pedagog har tilgang til spesialpedagogisk kompetanse og tilstrekkeleg hjelp og støtte for å gi eit tilpassa tilbod til alle barn og unge. Eit inkluderande leike og læringsmiljø krev teamarbeid. PPT er ein viktig samarbeidspart for barnehagar og skular.

RESSURSAR

Tilgang på tilstrekkelege ressursar er viktig for å realisera inkludering. Det gjeld både personalressursar, kompetanse, tidsressursar, teknologi og materielle ressursar.

UNIVERSELL UTFORMING

Inkluderande barnehagar og skular er universelt utforma, slik at alle kan delta i felles undervisning og aktivitetar. Universell utforming betyr at barnet/eleven har tilgang til dei stadene der gruppa/klassen oppheld seg. Det er eit mål at barna/elevane i størst mogleg grad skal kunne bevega seg sjølvstendig.

4.2 Tidleg og forsterka innsats

Delmål

- Barn og unge med utfordringar skal raskt få den støtta dei treng tidleg i livet eller når eit problem oppstår eller blir oppdaga.

Kjenneteikn på tidleg innsats/forsterka innsats

- Alle føresette synes det er enkelt å kontakta barnehagen/skulen med si uro
- Alle tilsette har øvd seg på samtale med føresette som handlar om ei uro for eit barn
- Alle tilsette kjenner til BTI-modellen, med følgjande verktøy
- Alle tilsette kjenner til dei ulike støttetjenestene (PPT, helsestasjon, barnevern, psykolog) og kva tiltak dei gir.
- Barnehagane og skulane har fokus på systemarbeid i høve sosial kompetanse, språk og psykososialt miljø (inklusive mobbing) blant barn/unge. Dette skjer i tett samarbeid med PPT.
- Alle barnehagane og skulane har fokus på struktur, planar og oversikt. Ressursane blir godt utnytta, og alle tilsette veit kor ein skal finna dei.
- I barnehagane og skulane jobbar det tilsette med vidareutdanning innan spesialpedagogikk.
- Alle tilsette har god kompetanse på systematisk observasjon, både på individ- og systemnivå. Resultata blir analyserte og brukte.
- Alle tilsette har kartleggingskompetanse, og veit å bruka kartleggingsverktøya fornuftig. Ein kartlegg ikkje berre individperspektivet (enkeltbarn), men også systemperspektivet (i lys av samspeleperspektivet). Ved mangel på kartleggingskompetanse, ser ein at individkartlegging fort kan handla om feil eller tal på korrekte svar, resultat over eller under ei kritisk grense, magiske prosent, nivå eller å setta "merkelappar" på barn og unge. Individperspektivet handlar sjølvstøtt ikkje om dette, men om å sjå heile barnet og å skapa ei forståing som bidreg til likeverd, meistring, vekst og utvikling. Kartlegging i eit systemperspektiv handlar om korleis den enkelte barnehage/skule/kommune sikrar tilbodet slik at alle barn og unge får eit best mogleg utbytte.
- Det er gode rutinar for overgangane: barnehage-skule, barnetrinn-mellomtrinn, barneskule-ungdomsskule, ungdomsskule-vidaregåande skule (sjå rettleiarar på udir.no). Kvart år blir det også analysert kor det er hensiktsmessig å setta inn overgangspersonale som følgjer med i overgangen barnehage-barneskule. Denne ordninga bidreg til refleksjon og undring rundt overgangen, og kva som er ein trygg overgang for borna.
- Det er fokus på språkutvikling. Språkutviklinga heng nært saman med utvikling av sosial kompetanse. Det er difor viktig å ha stort fokus på språkutvikling. Biblioteket er ein aktør som kan bidra til dette, i samarbeid med barnehage og skule. Skulane kan legge opp til dysleksivenlege klasserom.
- Helsestasjon, PPT, kommunopsykolog, barne- og familieteam og barnevern har også fokus tidleg innsats. Det er eit godt samarbeid mellom støttetjenestene, og ein jobbar saman. Handlingsrettleiaren i BTI og Stafettloggen blir nytta som verktøy for samhandling når ein skal samhandla rundt tiltak for barn og unge.
- Elevane i skulen der det blir avdekka «hol» i grunnleggjande dugleikar, skal få høve til å delta på intensive kortvarige kurs i t.d. lesing eller rekning. Skulen må sette inn tiltak for elevar som treng det så tidleg som mogleg, **utan at eleven har vedtak om spesialundervisning**.
- Arbeid med tidleg og forsterka innsats skjer i samspel med føresette, der føresette kjenner seg som ein viktig ressurs.

4.3 God gruppe- og klasseleiing

Delmål

- Alle barn og unge opplever at gruppa eller klassen dei er ein del av er ein god stad å vera. Dei opplever tilhøyrse, meistring, støtte, god struktur og kjenner seg trygge.

Kjenneteikn på god gruppe- og klasseleiing

EMOSJONELL STØTTE

Gode relasjonar mellom dei tilsette og barna/eleven er grunnleggjande i god gruppe- og klasseleiing. Det er den vaksne som har ansvaret for å byggja ein positiv relasjon. Ein autoritativ vaksenstil legg vekt på positiv relasjonsbygging og grensesetjing. Altså varm, men tydeleg vaksen i møte med barn og unge. Å gi barna og unge emosjonell støtte inneber at dei tilsette:

- er sensitive vaksne som møter barn og unge sine behov
- ser «bak» åtferda til barn og unge
- verdset barn og unge sine perspektiv
- bidreg til å danna eit positivt klima i gruppa/klassen

GOD STRUKTUR

Struktur, reglar og rutinar er verkemidlar for å fremja læring, utvikling og trivsel i barnehage og skule. God struktur er:

- å gjere ordensreglementet kjend for barn og elevar og saman lage tydelege reglar for gruppa/klassen. Konsekvensar ved brot på reglane må også vere kjend.
- å ha gode rutinar for dagen som er godt kjend for barna/elevane.
- å gi born og elevar ei oversikt over plan for dagen og aktiviteten/læringsøkta.
- når alle tilsette i den enkelte barnehage og skule er samde om og gjennomfører felles standard for god gruppe- og klasseleiing.
- Medviten plassering av møblar og materiell i rommet; Rommet som den tredje pedagog.

LÆRING-OG UTVIKLINGSSTØTTE

Etablering av ein kultur for læring og utvikling eller eit fellesskap som støttar læring og utvikling er eit ein tredje dimensjon innan god gruppe- og klasseleiing.

Støtte til utvikling og læring kan visast ved at:

- Elevane kjenner til læringsmåla og ulike strategiar for å nå dei måla (skule).
- Aktivitet og innhald blir knyta til noko som barn og unge kjenner til frå sin kvardag. Det blir opplevd som relevant.
- Gi alle ein «gratisbillett» inn til læringa med å stilla opne spørsmål som alle kan svara på.
- Hjelpa barn og unge til å bli medvitne på korleis dei kan læra seg å læra
- Vurdering og tilbakemelding undervegs i læringsprosessen bli gitt med god kvalitet.

4.4 Gode relasjonar

Delmål

- Alle barn og unge i barnehage og skule har minst ein god og trygg ven
- Alle barn og unge i barnehage og skule oppleva seg betydningsfulle i møte med dei tilsette

Kjenneteikn på at barnehagar og skular jobbar med gode relasjonar

- Barnehagane og skulane jobbar med den autoritative vaksenrolla
- Alle tilsette bidreg jamleg i refleksjonen kring kva ein god relasjon er/betyr.
- Alle tilsette samlar på felles interessepunkt i samspel med barn og unge.
- Alle tilsette har fokus på å “bygge bru” for å styrke relasjonar blant barn og unge.
- Trygge og gode relasjonar vert teke opp som tema på foreldremøte og i anna kommunikasjon med heimen for å involvera føresette i arbeidet med gode relasjonar og venskap blant barn og unge.
- Relasjonar og korleis å styrka dei er tema på foreldremøte.
- Alle tilsette er bevisst maktforholdet mellom seg sjølv og andre barn og unge. Det skal vere autoritative vaksne/tilsette i barnehagar og skular som jobbar for varme og grensesettande vaksne, med respekt for kvarandre.
- Alle tilsette toler at barn og unge gir motstand. Nokon gonger skal ein lytta, andre gonger gjennomføra, og fleire gonger kanskje også la barnet/ungdomen få “viljen” sin. Slik opplev barn og unge seg møtt, at ein er viktig og har noko å bidra med.
- Barnehagane og skulane jobbar medvitent med pedagogisk relasjonsarbeid, som er planlagt, gjennomført og evaluert. Kontinuerleg fokus.
- Alle barnehagar og skular har kompetanse på korleis bruka sosiogram, og brukar dette.

4.5 Systematisk arbeid

Delmål

- Barn og unge skal oppleva at systemet er tilpassa dei, og at laget rundt dei arbeidar systematisk med å endre praksis.
- Barn og unge skal oppleva at det skjer ei endring.

Kjenneteikn på systematisk arbeid

- Bruk av pedagogisk analyse. Når det oppstår ei uro skal dei vaksne rundt barnet sjå på oppretthaldande faktorar som kan medverka til uroa. Fokuset må vera på endring av praksis og korleis dei vaksne rundt barnet kan skapa eit trygt og godt læringsmiljø.
- Systematiske observasjonar for å innhenta data og informasjon.
- Medverknad frå barn og unge gjennom samtalar for å innhenta data, informasjon for å skapa endring.

4.6 Godt samarbeid omkring barn og unge

Delmål

- Barn og unge opplev at dei blir høyrde når det blir sett inn tiltak for å betra barnehage-skulekvardagen for dei
- Barn og unge opplev det positivt når fleire tenester samhandlar rundt tiltak for dei.

Kjenneteikn på godt samarbeid omkring barn og unge

- Rutinar for samhandling og tiltak i barnehage, skule og støttetjenester heng saman.
- Alle tilsette kjenner til rutinar og korleis å bruka dei. Alle tilsette brukar BTI-modellen.
- Barnehagar, skular og støttetjenester er gode på å involvera barn/unge og føresette når det blir jobba med tiltak for ein betre barnehage- /skulekvardag.
- Stafettloggen blir nytta.
- Det er ein stafetthaldar som sikrar at:
 - Barnet/ den unge får medverka
 - Føresette får medverka
 - Tiltaka er konkrete og tydelege
 - Tiltaka blir evaluerte når dei skal
 - Kallar inn til møter
 - Skriv korte og konkrete referat
- Pedagogisk analyse blir nytta i møter der fleire skal samhandla.
- Det blir nytta eit relasjonskompetent språk med fokus på å løfta barnet/ungdommen, og å finna styrkane
- Samarbeidet skjer i samspel med føresette, der føresette kjenner seg som ein viktig ressurs som sit på nyttig informasjon om barnet og barnet sitt liv. Som profesjonell aktør er det den enkelte teneste som har eit særleg ansvar for å leggja til rette for eit samarbeid. Det er då viktig at dei føresette ikkje blir sett på som ei homogen gruppe med dei same behova, ulike føresette vil kunne dra nytte av ulike samarbeidsstrategiar, og det er nokon føresette det er viktigare å få innleia eit samarbeid med enn andre (LaRocque & Kleiman, 2011).
- Alle tilsette har ei positiv haldning til dei føresette. Dei tilsette sin haldning til føresette vil i stor grad påverka samspelet. Dei tilsette må vera villige til å jobba med emosjonelle, fysiske, språklege og kulturelle barrierar som kan hindra eit positivt samspel med alle føresette.
- Det blir jobba med foreldreinvolvering rundt inkludering. Det vil seie at ein stimulerer til føresette som viser engasjement og ei positiv innstilling til inkludering. Dei føresette vil då uttrykka til sitt barn at inkludering er viktig, og støtta barnet i å bruka gode strategiar.
- Barnehagar og skular nyttar handbok for foreldremedverknad, for å samla gode verktøy og idear som bidreg til at alle føresette opplev tryggleik når me inviterer dei inn til ulike samankomstar.

4.7 God spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

Delmål

- Barn og unge skal oppleve at dei utviklar seg og har ein progresjon.
- Barn og unge skal oppleve at det er samanheng i det dei lærer.
- Barn og unge skal oppleve meistring og at dei vaksne har eit inkluderande tankesett.

Kjenneteikn på god spesialpedagogisk hjelp og opplæring

- Godt samarbeid mellom pedagogisk leiar og den som skal gje spesialpedagogisk hjelp i barnehagen.
- Tett samarbeid mellom kontaktlærer/ faglærer og spesialpedagog i skulen og vaksenopplæringa slik at eleven kan oppleve å få god systematisk spesialundervisning som heng saman med tema som er gitt i det ordinære
- Spesialpedagogiske tiltak vert sett i samanheng med det ordinære slik at barn og unge kjenner og opplever seg inkludert .
- Dei vaksne skal motivere til meistring og følge barn og unge sin nærmaste utviklingsone.
- Barnehage og skule legg vekt på at alle barn og unge kan lære og utvikla seg.
- PPT deltar i evalueringa av tiltak saman med barnehage, skule og føresette og bidra til endring av praksis ved behov.
- PPT og barnehage/ skule nyttar pedagogisk analyse i samhandlinga for å skape den beste opplæringa.
- God undervegsvurdering (skule) slik at eleven opplever å sjå si eiga utvikling og progresjon.
- Dei som har fått spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning skal oppleve det er gode tilretteleggingar gjennom heile dagen. Dette betyr at barn og unge i til dømes skulen skal oppleve at det og vert tilrettelagt i alle fag slik at dei opplever å meistre.

VEDLEGG

Utdrag frå lovverk, Rammeplan for barnehagen og Læreplanverket for grunnskule og vidaregåande skule

[Barnehagelova](#)

[Rammeplan for barnehagen](#)

[Opplæringslova](#)

[Læreplanverket for kunnskapsløftet 2020](#)

[Stortingsmelding 6- Tett på- tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO](#)

[Utdanningsdirektoratet](#)

[Satped](#)

[Rapport-Inkluderande fellesskap for barn og unge](#)